



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:

22.10.2021

Vår ref:

2019/13341

Dykkar dato:

10.09.2021

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Offentleg ettersyn - Radøy - Manger barneskule - detaljregulering

Vi viser til offentleg ettersyn av reguleringsplan for Manger barneskule. Frist for uttale er 25.10.2021.

Detaljreguleringsplan for Manger barneskule, planID 12602019000300 legg til rette for å utvide uteopphaldsareala for elevane, utvida eksisterande skulebygg for å romme 220 elevar og rydde opp i den trafikale situasjonen ved skulen.

Statsforvaltaren sine merknadar

Reguleringsplanen legg til rette for å utvide skulebygg og uteopphaldsareal for Manger barneskule, ved å omregulere areal som er sett som friområde til offentleg/privat tenesteyting.

I føresegnehene til KPA for Radøy, kap. 3.3.1 om friområde, står det at «*føremålet er område sett av til rekreasjon, uteopphold og friluftsliv for ålmenta. Friområde skal i størst mogleg grad takast vare på som naturområde. Det kan etablerast enkle tilretteleggingstiltak for ålmenta si bruk av området og universelt utforma gangveg i samråd med kommunen. Det er ikkje tillete med tiltak som kan redusere opplevingsverdiane eller hindrer ålmenn ferdsle.*»

Innanfor planområdet er det ca. 6442 m² på nordsida av skulen og ca. 1670 m² på sør-/vestsida, som er regulert til friområde i gjeldande reguleringsplanar eller sett av til friområde i kommuneplanen. I planskildringa står det at delar av desse friområda i dag blir nytta av skulen i friminutta og til undervisning. Planskildringa er ikkje like klar på bruken av arealet av andre enn skulebarn, i og utanfor skuletida. Det er opplyst at deler av arealet har dårleg tilgjengeleight i dag og at planendringane vil gjøre arealet meir tilgjengeleg. Vi meiner at ein bør løfte blikket noko og vurdere korleis endringane i planformål vil påverka Manger sentrum sitt heilsakplege behov for friområde og grøntareal.

Det er gjort ei vurdering av om det er naudsynt å skaffe erstatningsareal i samsvar med Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging. Det er vurdert at friområda ikkje går tapt heile døgnet, og heller ikkje i helger og ferier. Det er også vurdert at uteområda vil bli oppgraderte og betre tilgjengelege utanom skuletida enn tilfellet er i dag. Det er også tatt med i føresegn 3.2.2 at skulen sitt uteopphaldsareal også skal fungere som del av grønstruktur i Manger



sentrum, der området kan nyttast av ålmenta utanom skuletid. For å sikre dette betre bør ein vurdere å vidareføre arealformål frimråde, men i kombinasjon med offentleg tenesteyting, eller uteoppholdsareal.

I område o_BOP2 skal eksisterande terreng og vegetasjon i størst mogleg grad takast vare på, men ein kan tillate nødvendig tilrettelegging. Det er noko uklart kor mykje tilrettelegging ein legg opp til, men vi vil tilrå at ein sikrar at dette området skal bevarast som ein naturleikeplass. Det er fleire store eiketre i området, der ei kan kvalifisere som «hol eik». Eiketrea har både verdi for naturmangfald og friluftsliv. Planen bør sikre desse betre, og vi meiner at det i føresegns 3.2.5 må stå at «store eiketrær skal takast vare på». Det bør også vurderast å sette føresegnsområde i plankartet, for å klargjere kor dei store eiketrea står.

Det kjem ikkje klart fram i føresegndene om ein tillæt tiltak utanfor byggegrensa som er satt i planen, eller om desse områda skal vere urørte. Det bør klargjerast kva tiltak ein eventuelt kan føre opp utanfor byggegrensa.

Støy

Ein mindre del av arealet set til offentleg tenesteyting ligg i gul støysone. Det er lagt ei omsynssone i plankartet, men det er ikkje fastsett føresegns til omsynssona. Det er føresegner som gjeld støy. Desse gjer tabell 3 i T1442/2016 gjeldande for nye tiltak. Det er no kome ny retningslinje, og reguleringsplanen bør gjere tilsvarande tabell i ny T-1442/2021 gjeldande for nye tiltak.

Konklusjon

Statsforvaltaren har merknader til reguleringsplanen, og vi ber om at desse blir følt opp.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN
Statens vegvesen Region vest Postboks 43 6861 LEIKANGER